

NGU måler tyngdekrafta

I tidsrommet frå 16. august til omlag 30. november kan folk i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane sjå eit helikopter som med ein til tre kilometers mellomrom landar i fjæra, på fjelltoppar, eller i kanten av vatn i skjergarden. I helikopteret er ein geofysikar frå Noregs geologiske undersøking (NGU), saman med avansert utstyr for tyngdemålingar.

Helikopter er teke i bruk for å frakte geofysikar og instrument frå punkt til punkt i område med få eller ingen vegar. Kvar stopp der det vert gjort målingar, tek berre omlag fem minutt. Overingeniør Jomar Gellein ved NGU fortel at desse målingane ikkje fører med seg skade av nokon art i det aktuelle området. Det vil bli teke omsyn til beitande dyr, natur og ferdsel. Kommunane har gitt løyve til bruk av helikopter. Grunneigarar som ikkje vil tillate landing på sine område, må snarast ta kontakt med NGU, postboks 6315 Sluppen, 7491 Trondheim.

Tyngdekrafta varierer frå stad til stad, etter kva for bergartar som finst i grunnen. Resultata av desse målingane vil, saman med andre geologiske og geofysiske observasjonar, bli brukt til tolking av geologien i området. I neste omgang vil dette vere til stor hjelp i kartlegginga av ressursane i berggrunnen.

Arbeidet vil gå føre seg i følgjande kommunar: Askvoll, Austevoll, Austrheim, Bremanger, Bømlo, Fedje, Fitjar, Fjaler, Fjell, Flora, Gulen, Haugesund, Karmøy, Radøy, Solund, Sund, Øygarden.

Resultatet av målingane vil og gå inn i arbeidet med å lage ein landsdekkjande serie av tyngdekraftkart i målestokken 1:250 000. Prosjektet blir gjennomført av NGU og OD med økonomisk støtte frå åtte oljeselskap: Bayerngas, ConocoPhillips, Det norske oljeselskap, Lundin Petroleum, Noreco, Statoil, Total og Wintershall.

Til redaksjonen:

Kontaktpersonar: Forskar [Odleiv Olesen](#), 99 09 17 43, eller overingeniør [Jomar Gellein](#), 73 90 44 53. Noregs geologiske undersøking (NGU). Tlf.: 73 90 40 00. www.ngu.no